



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/100355-8

Dykkar referanse: Vår dato:  
18/2307 – 18/21139 31.10.2018

### Uttale til søknad om ny avkøyrsløse frå gnr. 18 bnr. 92 i Meland kommune

Vi viser til brev motteke 03.10.2018 om avkøyrsløse til gnr. 18 bnr. 92, Øvre Sagstad, i Meland kommune. Vi viser og til våre tidlegare brev og e-poster i same sak.

#### Om reguleringsplan

I vår e-post datert 02.10.2018, har vi etterspurt bakgrunn for kommunens vurdering av kvifor det ikkje er krav om reguleringsplan for tiltaket.

I brev datert 03.10.2018 har Meland kommune skrivne følgjande:

*«I kommunepleanen til Meland kommune 2015–2026 er næringsområde N\_5 Sagstad unntatt frå plankrav i føresegna til kommunepleanen pkt 2.1.1a. Ettersom vurdering av plankravet er gjort i kommunepleanen, og området er spesifikt unntatt plankrav, kan ikkje kommunen sjå at dette er ei vurdering som skal gjerast på ny.»*

Etter Statens vegvesens vurdering er det likevel, når ein ser nærare på saka, viktige moment som gjer at vidareutvikling av næringsområdet N\_5 Sagstad bør vente til vegnettet er utbetra. Desse momenta er omtalt i dei neste avsnitta.

#### Om vurdering av avkøyrsløser

I avkøyrsløsesaker må kommunen vurdere saka utover sjølve avkøyrsløsepunktet. Ein må sjå om krysset mellom kommunal veg og fylkesveg er bra nok, og om transportnettet har kapasitet til å ta imot den auka bruken på ein trygg måte. Dette ligg etter vår vurdering i veglovens formålsparagraf, § 1a.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

#### Om trafikktryggleik på fv. 244

Statens vegvesen har i fleire høve vist til at det er dårleg tryggleik for mjuke trafikantar langs fv. 244 Sagstadvegen. Den mest kritiske strekninga er frå kryss med fv. 564 til Sagstad skule, ettersom det er flest gåande/syklende på dette strekket, men vi er òg bekymra for strekninga vestover frå Sagstad skule.

#### Om kryss med fylkesveg

Næringsområdet Øvre Sagstad har i dag tilkomst frå ein kommunal veg, der kryssutforminga med fv. 244 lei trafikken mot Sagstad skule. Det er ikkje ønskeleg at kommunen gir løyve til tiltak som aukar trafikken i dette krysset, ettersom dette aukar biltrafikken på fv. 244 forbi Sagstad skule der tilhøva er dårlege.

Tiltakshavar har difor sett på muligheita for å lage ny tilkomst til næringsområdet, frå den kommunale vegen som ligg vest eigedommane. Denne vegen kjem ut i fv. 244 med ein kryssutforming som gjer det unaturleg å køyre mot Sagstad skule. Isolert sett løyser dette problemet med auka trafikk forbi skuleområdet. Det er derimot ei utfordring at krysset med fv. 244 har svært dårleg både horisontal og vertikalgeometri, og likeeins er siktilhøva svært dårlege. Dette er difor ei løysing vi vil rå i frå, av omsyn til trafikktryggleik i kryssområdet.

Etter vår vurdering er det ikkje vist løysingar for trafiksikker tilkomst til næringsområdet, og det ligg difor ikkje til rette for vidareutvikling av dette området no. Når tilhøva for mjuke trafikantar langs fv. 244 er betra meiner vi saka kan vurderast på nytt.

#### Om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg

Statens vegvesen gav i 2017 dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for denne eigedomen. Då var det søkt om ein mur, som var terrassert inn mot eigedomen. Muren langs fylkesvegen var 1,5 meter høg. I skissa som vi godkjente var muren teikna i ein rett linje frå eksisterande mur. Vi ser no at muren er bygd i ein kurve langs vegen. Vi gjer merksam på at dette tiltaket ikkje er i tråd med vårt dispensasjonsvedtak datert 29.09.2017 (vedlagt).

Skissene ligg ved høyringsbrevet datert 03.10.2018, viser at ny avkjørsle til kommunal veg krevjar ein ny og høgare mur langs fv. 244 Sagstadvegen, innanfor byggjegrænsa langs vegen. Dette er søknadspliktig etter §§ 29 og 30 i veglova.

#### Konklusjon

Statens vegvesen meiner det er avgjerande at trafikktryggleiken vert ivaretatt både lokalt i krysset frå næringsområdet og i vegnettet som får auka trafikk. Etter vår vurdering er det ikkje vist ein slik løysing i denne saka, og vi meiner at det difor ikkje ligg til rette for å vidareutvikle dette næringsområdet no. Statens vegvesen vil difor rå i frå at kommunen gir løyve til ny avkjørsle i denne saka.

Dersom kommunen vurderer å gi løyve til ny avkjørsle frå næringsområdet Øvre Sagstad til kommunal veg, skal nødvendige tiltak innanfor byggjegrensa til fylkesveg vurderast etter veglova. Vi legg òg til grunn at dagens avkøyrslle til kommunal veg aust for eigedomen vert stengt for biltrafikk.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN



## Statens vegvesen

Byggmester Knut Henanger AS  
Mjåtveitstø 33A  
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/100355-3

Dykkar referanse:


Vår dato:  
28.09.2017

### Dispensasjon frå byggegrense – Fv. 244 – gnr. 18 bnr. 92 – Meland kommune – mur – Tiltakshaver Bnk Eiendom AS

Vi viser til motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense for mur langs fv. 244 Sagstadvegen i Meland kommune, samt til synfaring 28.08.2017.

#### Omsøkt tiltak

Søknaden gjeld oppbygging av mur i forlenginga av eksisterande mur i aust, med ein minste avstand på 2,5 meter frå vegmidte. Muren langsmed vegen er tenkt oppført i ein høgde på 1,5 meter. Bak muren skal terrenget skrå oppover til det er i plan med eksisterande terreng i aust. Skisse frå søknad:



Ved synfaring var representant for tiltakshavar open for å trekke muren litt lenger unna vegen viss det er naudsynt for å få dispensasjon frå byggegrense.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Hensikta med tiltaket er mellom anna å gi betre moglegheit for å manøvrere køyretøy internt på eigedomen, og meir areal til utomhuslagring av produkt.

### Vurdering

I *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest*, er fylkesvegen forbi omsøkt avkøyrslar vist med haldningsklasse 3. Dette vil mellom anna seie at byggjegransa normalt vert sett til 30 meter frå vegmidte.

Byggjegransene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. På grunn av vegens geometri og terrenget lenger vest, vil ei vegutviding på denne strekninga venteleg skje på sørsida av vegen.

I denne konkrete saken er det ein eksisterande gråsteinsmur attmed vegen, med ein høgde på om lag 4 meter. Den nye muren er omsøkt i same avstand som eksisterande mur. I vest svingar vegen, slik at avstanden mellom mur og veg aukar (sjå innsendt skisse). Ved å etablere ny mur i forlenginga av eksisterande mur, vil eksisterande murhjørne fjernast. Ut frå ein rein trafikktryggleiksvurdering er dette positivt, då slike hjørne utgjør ein risiko ved utforkøyring.

Etter ei totalvurdering kan Statens vegvesen akseptere at muren vert plassert i tråd med søknaden.



**Vedtak**

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 244 Sagstadvegen for å etablere mur og fylling på gnr. 18 bnr. 92 i Meland kommune.

**Vilkår for dispensasjonen**

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 09.06.2017.
2. Avstanden frå mur til senterlina på fv. 244 Sagstadvegen skal vere minst 2,5 meter.
3. Mur og fylling må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at tiltaket ligg nær fv. 244.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

**Arbeidsvarsling**

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 17/100355 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

**Retten til å klage**

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak". Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, epost [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no), som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Statens vegvesen Region vest  
Plan og forvaltning  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

